

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG



Saksbehandlar: Ingrid Husevåg Døskeland

Vår ref.: 2022/80845-10

Dykkar ref.:

Bergen, 27.03.2023

Indeksregulering kommunale kostnader for skoleskyss til annan skole enn nærskolen - Skoleåret 2023-24

Viser til brev 23.juni 2022 om løysing for kostnadsdeling ved tilrettelagt skoleskyss til annan skole enn nærskole. I brevet er det gitt informasjon om korleis Skyss handsamar og fakturerer desse kostnadene ut til kommunane, og kva satsar som vert lagt til grunn.

Satsane som er lagt til grunn for skoleåret 2022-23 er berekna ut frå dei gjennomsnittlege turkostnadene for tilrettelagt skoleskyss som har vore knytt til skoleplass på annan skole enn nærskolen førre skoleår.

Skyss har evaluert ordninga fram mot neste skoleår, og vår oppfatning er at ordninga er hensiktsmessig. Den gir meir føreseieleg økonomi for kommunane, legg til rette for månadleg fakturering av kostnader, og gir kommunale eit meir oversikteleg fakturagrunnlag gjennom fagsystemet Skyss Elev. Ordninga gir òg mindre manuelt arbeid og rom for menneskeleg feil. Det er så langt funne at ordninga reflekterer dei faktiske ekstrakostnadene som kommunen er ansvarleg for på ein tilfredsstillande måte. Vi vil derfor vidareføre ordninga med fakturering av desse kommunale kostnadene etter faste satsar.

For å halde kostnadsfordelinga tilsvarande som i skoleåret 2022/23 er det for skoleåret 2023/24 gjort ein indeksregulering av satsane etter dei gjeldande transportkontraktane mellom Skyss og operatørar. Grunna spesielt høg kostnadsauke i transportnæringa det siste året vil de sjå at reguleringa i år gir eit stort utslag.

Tilrettelagt skoleskyss til annan skole enn nærsken:

Refusjon for persontakst etter reglane i opplæringslova §13-4 vil skje som normalt, òg for elevar som har drosjeskyss til anna skole enn nærsken.

Det allereie er gjort fråtrekk av persontakst i satsane lagt fram for drosjetransport i forbindelse med skyss til anna skole enn nærsken, slik at kommunane ikkje får fakturert dobbelt opp for aktuelle elevar. Det er berre reiser med drosje som blir fakturert etter denne modellen.

DROSJE	2022-23	Indeks	2023-24
Ordinære elevar (§ 7-1)	200 kr	19,05%	238 kr
Medisinsk grunnlag (§ 7-3)	135 kr	19,05%	161 kr

De vert berre fakturert i høve satsane over dersom de faktisk har elevar som går på ein annan offentlig skole enn sin nærsken.

Ta kontakt med oss på e-post til skoleskyss@skyss.no dersom de har spørsmål knytt til informasjon i dette brevet. Vi ber om at eventuelle innspel vert sendt til Skyss innan måndag 17.april.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
direktør

Marthe Pedersen
faggruppeleiar skoleskyss

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift